



Gruppeleiar i Høgre Mona Røsvik Strømme

Dato: 15.09.2017  
Vår ref.: 2015/11183-38  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Henvending om representasjon på generalforsamlingar

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 100/17 Henvending om representasjon på generalforsamlingar frå møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 12.09.2017.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Fylkesordføraren  
Fylkesrådmannen

Arkivnr: 2015/11183-36

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

## Saksgang

## Henvending om representasjon på generalforsamlingar

Bakgrunn for saka:

**Leiar i kontrollutvalet har motteke slik henvending:**

*«Hei Inge Reidar !*

*Jeg vil melde inn en sak til kontrollutvalget ang .fordeling av oppgaver i fylkesutvalget.*

*Det er beskrevet i meldingsak 111/17 til fylkesutvalgets møte 24 august.*

*Her har posisjonen tatt seg til rette og fordelt generalforsamlingene langt ned i fagutvalgene uten at opposisjonen i fylkesutvalget er spurt. Det er fylkesutvalget som er foretningsutvalg.*

*Vi har i alle år hatt en fordeling på generalforsamlingene opposisjon og posisjon men dette er helt uakseptabelt.*

*Kan kontrollutvalget se på saken.*

*mvh Mona Røsvik Strømme»*

**Denne henvendinga vart referert i sak PS 91/17 Eventuelt i møte i kontrollutvalet 29.08.17. Her vart det gjort m.a. slikt vedtak:**

*«Sekretariatet vert beden om å førebu ei sak til neste møte i høve henvending frå gruppeleiar i høgre om fordeling av representasjon på generalforsamlingar.»*

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over har sekretariatet undersøkt saka. Undersøkinga viser at det ikkje ligg føre skriftlege rutinar når det gjeld kven som skal representere Hordaland fylkeskommune på generalforsamlingar, men at fordeling av representantar vert gjort på bakgrunn av kutyme. Slik vi har

oppfatta det, har det m.a. i denne valperioden, vore vanleg at fylkesordføraren avgjer kven som skal møte på generalforsamlingane.

Vi er også kjent med at denne problemstillinga skal vurderast i samband med utarbeiding av forslag til eigarstrategi for 2018, som etter planen skal leggjast fram for fylkestinget i desember 2017.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet avventer til ein ser kva som vert vedteke i eigarstrategien for 2018.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet avventer til ein ser kva som vert vedteke i eigarstrategien for 2018 når det gjeld utvelging av kven som skal representere Hordaland fylkeskommune på generalforsamlingar.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.09.2017**

**Handsaming i møtet**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet avventer til ein ser kva som vert vedteke i eigarstrategien for 2018 når det gjeld utvelging av kven som skal representere Hordaland fylkeskommune på generalforsamlingar.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*